



Vår dato:

07.10.2020

Vår ref:

2020/15004

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Kommunane i Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Håvard Rød, 5557 2143

STATSBUDSJETTET 2021 - KOMMUNEOPPLEGGET

Regjeringa presenterer framlegg til statsbudsjett for 2021. Fylkesmannen vil her gi eit samandrag som kan vere nyttig for kommunane i samband med budsjettarbeidet i haust.

Det er ein pårekna vekst frå 2020 til 2021 i frie inntekter for kommunane samla i Vestland på 3,1 prosent. Pårekna vekst frå 2020 til 2021 for kommunane i landet samla er 3,0 prosent. 19 kommunar i Vestland ligg likt eller over landsgjennomsnittet, medan 24 kommunar ligg under.

I brevet betyr «kommunane» primærkommunane utan at fylkeskommunane er med, og «departementet» betyr Kommunal- og moderniseringssdepartementet (KMD).

Vi tek i innleiinga med endringar i kommuneøkonomien for inneverande år.

Det økonomiske opplegget for 2020

I revidert nasjonalbudsjett var det ein pårekna skattereduksjon for kommunane i år på minus 1,4 prosent.

Dei pårekna skatteinntektene er no justerte opp med kr 1,8 mrd. samla for kommunane i landet frå nivået i revidert nasjonalbudsjett. Pårekna skatteendring for i år blir med det justert frå minus 1,4 prosent til minus 0,3 prosent, ut frå faktisk innkomen skatt i 2019.

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane var i revidert nasjonalbudsjett 1,4 prosent. På-rekna lønsvekst var 1,5 prosent i revidert nasjonalbudsjett.

Den pårekna pris- og kostnadsveksten for i år er no justert opp til 1,6 prosent. Pårekna lønsvekst inngår i dette med 1,7 prosent. Det betyr at kommunane si innsparing som følgje av lågare pris- og kostnadsvekst i år er noko lågare enn lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett.

Det er uvisse knytt til den faktiske pris- og kostnadsveksten. Det er lagt opp til ei ny vurdering av dei økonomiske konsekvensane etter virusutbrotet for kommunane i nysalderinga av 2020-budsjettet i november d.å.

Særskilte tiltak på bakgrunn av koronakrisa



Proposisjon 142 S

I proposisjon 142 S frå regjeringa var det m.a. framlegg om nye kr 500 mill. i auka skjønstilskot til kommunane i landet som har hatt særleg store utgifter til oppfølging av TISK – strategien. Det er framlegg om at midlane blir fordelte til kommunane av fylkesmannen. Dette blir sett i samanheng med dei midlane som elles blir fordelte av fylkesmannen, til særskilde utgifter og smittevern som følgje av virusutbrotet.

Regjeringa har i proposisjon 142 S gjort framlegg om ei løyving på kr 200 mill. i år for å kunne gi tilskot til kommunar som vil kompensere verksemder som blir ramma av omfattande lokale smitte-verntiltak. Det er lagt opp til at tilskotet blir forvalta av KMD. Midlane blir gitt til kommunane på grunnlag av søknad.

Dialog om dei økonomiske konsekvensane av korona

Det er oppretta ei arbeidsgruppe med medlemer frå staten og kommunesektoren. Arbeidsgruppa skal kartlegge dei økonomiske konsekvensane av virusutbrotet for kommunane. Arbeidsgruppa skal gå gjennom kva for utgifter og inntekter som blir påverka av virusutbrotet, og gi eit overslag på kor mykje dei ulike utgiftene og inntektene utgjer.

Arbeidsgruppa skal leggje fram ein delrapport i oktober 2020 og sluttrapport innan 1.april 2021.

Habiliterings- og avlastningstilbod

Det er framlegg om ei eingongsløyving på kr 100 mill. for å gi eit godt habiliterings- og avlastnings-tilbod til barn og unge med redusert funksjonsevne. Løyvinga er gitt på bakgrunn av særskilte behov i samband med koronakrisa. Midlane blir gitt i rammetilskotet med særskilt fordeling.

Smitteverntiltaka i samband med virusutbrotet har gitt auka belastning for pårørande og barn og unge med redusert funksjonsevne.

Framlegg til løyvingar

Regjeringa vil i november kome med framlegg til løyvingar for meirutgifter og mindreinntekter for kommunane i 2021 på bakgrunn av koronakrisa.

Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2021

Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2020 til 2021 med 6,6 prosent. På-rekna skatteinntekter i 2021 byggjer blant anna på pårekna sysselsetjingsvekst (0,6 prosent) og lønsvekst (2,2 prosent).

Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir justert frå 11,10 prosent i 2020 til 12,15 prosent i 2021.

Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vere om lag 40 prosent også for 2021.

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane – kommunal deflator – er i framlegget 2,7 prosent. Deflatoren blir nytta til prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerkte tilskot i statsbudsjettet. Kostnadsdeflatoren består av:

- Lønsvekst 2,2 prosent
- Varer og tenester 3,6 prosent
- Samla prisvekst 2,7 prosent

Samla vekst i frie inntekter



Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for primærkommunane frå 2020 til 2021 med kr 1,6 mrd. Denne veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i saldert budsjett, det vil seie pårekna inntektsnivå lagt til grunn i desember 2019 for budsjett 2020. Det er rekna eit sær-skilt tillegg i realveksten i frie inntekter frå 2020 til 2021 på om lag kr 1,18 mrd. for primær-kommunane, som tilsvarer inntektsreduksjonen i år frå nivået i saldert budsjett til revidert nasjonal-budsjett.

Veksten i dei frie inntektene er reallauke slik at priskompensasjonen frå 2020 til 2021 vil kome som eit tillegg i inntektene. Oppjusteringa av pårekna skatteinntekter etter revidert nasjonalbudsjett (meirskatt kr 1,8 mrd.) er ikkje med i samanlikningsgrunnlaget frå i år.

Pårekna meirutgifter i 2021 knytte til den demografiske utviklinga er om lag kr 0,9 mrd. for primær-kommunane. Dette er den delen av meirutgiftene som følgje av befolkningsutviklinga som må bli finansierte av dei frie inntektene.

Kr 100 mill. av veksten i dei frie inntektene vil vere knytt til særskilt satsing på barn og unge si psykiske helse.

Frie inntekter – skatt og rammeoverføring – på kvar kommune

Vedlagt tabell syner rammeoverføring og pårekna frie inntekter for 2021. Pårekna skatt og inntektsutjamning i tabellen byggjer på kommunane sin faktiske skatteinngang i 2019. Dette grunnlaget er justert opp i samsvar med pårekna samla skattevekst i 2020 og 2021.

I berekning av skatteprognose for 2021 er det justert for same endring i prosent i høve til rekne-skapen 2019 for alle kommunane, uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2019. Denne skatteprognosene er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning. Kommunane må justere for lokale tilhøve i budsjetteringa av skatt for 2021.

Veksten i frie inntekter vil variere mellom kommunane. Årsaker er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt frå år til år :

- endringar i inntektssystemet
- endringar i folketalet og alderssamansetjing
- endring i andre kriteriedata
- endring i fordelinga av skjønstillskot
- endring i veksttilskot
- endring i distriktstilskot eller småkommunetillegg
- endringar i skattegrunnlaget

Priskompensasjon frå 2020 til 2021 er innarbeidd i oversynet for dei frie inntektene i vedlagt tabell.

Det er som nemnt rekna med ein nominell vekst i kommunane sine samla frie inntekter på lands-basis frå 2020 til 2021 med 3,0 prosent. Denne veksten er rekna i høve til pårekna inntektsnivå i år (rekneskap 2020), medrekna oppjusteringa av skatteinntektene. Den pårekna veksten for kommunane samla i Vestland er 3,1 prosent.

Auka rammeoverføring blir gitt for nye oppgåver og omfattar også heilårsverknader i denne samanhengen. Utrekna prosentvekst for dei frie inntektene er korrigert for dette i vedlagt tabell, slik at kompensasjon i denne samanheng ikkje inngår i prosentveksten. I utrekning av prosentvekst er det også korrigert for innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet og dessutan for grense-justeringar.

Aktuelle saker



Helsestasjon og skulehelseteneste

Den delen av rammetilskotet som er grunngitt med satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta blir vidareført frå 2020 til 2021, med priskompensasjon. For 2021 er rammetilskotet knytt til føre-målet kr 929,0 mill. Midlane blir fordelte mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i alderen 0–19 år, med eit minstenivå på kr 100.000,- per kommune.

Tilskot til frivilligsentralar

Tilskot til frivilligsentralar vart innlemma i rammetilskotet frå og med 2017. Tilskotet er i åra til og med 2020 fordelt med utgangspunkt i fordelinga av det øyremerkte tilskotet i 2016.

Tilskot til frivilligsentralar vil bli teke ut av rammetilskotet for 2021 og i staden gitt som øyremerkte tilskot på Kulturdepartementet sitt budsjett. Kr 206,8 mill. blir teke ut av rammetilskotet.

Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerkte tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2021 vil vere basert på direkte løns-utgifter i 2020 knytte til tenestemottakarar.

Det er lagt opp til følgjande for 2021:

- Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslags-nivået.
- Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka per tenestemottakar frå kr 1,361 mill. til kr 1,430 mill. for netto utgifter i 2020. Det inneber ein auke på kr 46.000,- utover justering for pårekna lønsvekst i 2020 (1,7 prosent).
- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2021 skal kommunane inntektsføre i sine rekneskap for 2020. Kommunane skal inntektsføre den pårekna kompensasjonen i rekneskapen for det same året som utgiftene har vore.
- Tilskot for personar med psykisk utviklingshemming (16 år og eldre) i rammetilskotet blir trekt frå nettoutgiftene i beregningsgrunnlaget. Eventuelle statlege øyremerkte tilskot blir også trekt frå beregningsgrunnlaget.

Det er lagt opp til ein særskilt kompensasjon med skjørnstilskot til små kommunar som har høge utgifter til ressurskrevjande tenester. Det er framlegg om ei samla ramme på kr 30 mill. Ordninga blir administrert av departementet, og det er ikkje lagt opp til at kommunane kan søkje om kompensasjon. Det er berre kommunar med maksimalt 3000 innbyggjarar som kan få kompensasjon gjennom ordninga.

Departementet vil i samband med fordelinga vurdere kor stor eigenandel for utgiftene kommunen har per innbyggjar og kommunen sin økonomi m.m.

Ny delkostnadsnøkkel for grunnskule

Det er i 2020 innlemma i rammetilskotet kr 1316,8 mill. av øyremerkte tilskot til tidleg innsats i skulen gjennom auka lærartettleik på 1.–10. trinn. Desse midlane blir i 2020 fordelte særskilt i ramme-tilskotet, med om lag same fordeling som i 2019 når dei var øyremerkte.

Det er framlegg om ny delkostnadsnøkkelen for grunnskule frå 2021. Det blir for 2021 lagt opp til å fordele halvdelen av midlane til tidleg innsats særskilt, basert på den tidlegare fordelinga, og halv-delen etter den nye delkostnadsnøkkelen. Frå 2022 er det planlagt å fordele midlane fullt ut etter den nye



delkostnadsnøkkelen. I den nye delkostnadsnøkkelen blir kriteriet for innbyggjarar 6-15 år vekta noko opp. Kriteria for busetjing og gradert basiskriterium blir samla vekta tilsvarende ned.

Andre saker som har innverknad på rammetilskotet:

Trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja: Staten tek over kommunane sitt tilskotsansvar. Kr 467,8 mill. blir teke ut av rammetilskotet.

Private barnehagar har i gjennomsnitt lågare pensjonsutgifter enn det dei får kompensert. Dette fører til netto uttrekk frå rammetilskotet til kommunane med kr 215,8 mill. Utrekket frå rammetilskotet blir fordelt etter delkostnadsnøkkelen- for barnehage.

Nytt tak på eigenandalar for frikort helsetenester: Kommunane får kompensasjon på kr 50 mill. gjennom auka rammetilskot for å kunne ivareta utsette grupper. Tak på eigenandalar 1 og 2 for frikort helse-tenester blir slått saman til eit nytt tak for eigenandalar frå 01.01.2021. Fordeling av kompensasjon på rammetilskotet skal skje etter delkostnadsnøkkel for sosialhjelp.

Inntektssystemet i 2021

Inntektsutjamning

Inntektsutjamninga er 60 prosent av skilnaden mellom kommunane sitt skattenivå og gjennom-snittleg skattenivå for landet. Tilleggskompensasjonen – for kommunar med lågt skattenivå – er 35 prosent av det skattenivået er under 90 prosent av landsgjennomsnittet. Kompensasjonsgraden blir vidareført som i noverande inntektssystem.

Overgangsordninga INGAR

Overgangsordninga med inntektsgarantitilskot (INGAR) gir kompensasjon for ei utvikling i ramme-tilskotet med meir negativt avvik enn eit fastsett beløp per innbyggjar (grenseverdien) frå lands-gjennomsnittet, frå eit år til det neste. Grenseverdien for kompensasjon er no kr 400,- per innbyggjar. Det vil m.a.o. vere den delen av utviklinga i rammetilskot frå det eine året til det neste året som er meir enn kr 400,- per innbyggjar svakare enn landsgjennomsnittet, som blir kompensert.

INGAR tek ikkje omsyn til endring i skatt, inntektsutjamning, veksttilskot og skjønstilskot.

INGAR tek omsyn til endringar i inntektssystemet, innlemming av øyremerkte tilskot i ramme-overføring, oppgåveendringar, endringar i kriteriegrunnlaget (t.d. talet på eldre og personar med psykisk utviklingshemming), bortfall av småkommunetillegg og nedgang eller bortfall av distrikts-tilskot.

Teljetidspunkt

For 2021 gjeld folketal per 1. juli 2020 for innbyggjartilskotet (medrekna overgangsordninga INGAR) og kriteria for aldersgrupper i utgiftsutjamninga. Andre kriteriedata i utgiftsutjamninga er frå 1. januar 2020. Oppdatering av folketal i inntektsutjamninga blir vidareført med teljedato 1. januar i sjølve budsjettåret.

Veksttilskot

Veksttilskotet blir gitt til kommunar som har hatt ein årleg befolkningsvekst dei siste tre åra høgare enn ei vekstgrense i prosent (gjennomsnitt per år). I 2021 blir vekstgrensa ført vidare med 1,4 prosent.

Veksttilskotet blir gitt med eit fastsett beløp per innbyggjar utover vekstgrensa, beløpet blir pris-justert i 2021 til kr 62.252,-.

Distriktsstilskot Sør-Noreg utanom småkommunetillegg

Distriktsstilskotet skal ivareta kommunar i Sør-Noreg med svak samfunnsutvikling. Det blir gitt til kommunar som har ein distriktsindeks på 46 eller lågare.



Skattenivået må ha vore under 120 prosent av landsgjennomsnittet i gjennomsnitt for dei siste tre åra, for at kommunen skal få tilskot.

Den eine delen av tilskotet blir gitt med ein sats per kommune, og den andre delen av tilskotet blir gitt med ein sats per innbyggjarar. Begge delane av tilskotet blir gradert på grunnlag av distrikts-indeksen slik at lågare indeks gir større tilskot.

Småkommunetillegg

Småkommunetillegget blir gitt til kommunar med under 3200 innbyggjarar. Tilskotet er frå og med 2017 gradert på grunnlag av distriktsindeks. Jo høgare distriktsindeks, jo større trekk i høve til fullt tilskot (opp til 50 prosent). Dei kommunane som har lågast indeks får ikkje noko trekk i høve til fullt tilskot.

Skattenivået må ha vore under 120 prosent av landsgjennomsnittet i gjennomsnitt for dei siste tre åra, for at kommunen skal få tilskot.

Det er ikkje lagt opp til endringar i distriktstilskotet og småkommunetillegget for 2021. Distrikts-indeks blir ikkje endra for 2021. Tilskota blir prisjusterte frå 2020 til 2021.

Utgiftsbehov

Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet skal kommunane få full kompensasjon for skilnader i kostnader som dei ikkje sjølve kan påverka. Grunnlaget for omfordelinga i utgiftsutjamninga er utgiftsbehovet per innbyggjar for landsgjennomsnittet og for den einskilde kommune.

Skjønstilskot

- Fylkesmannen sine ordinære skjønsmidlar for 2021.

Basisramma for fylkesmennene sitt samla skjønstilskot i landet blir redusert med kr 100 mill. frå 2020 til 2021, til kr 850 mill. i 2021. For Vestland blir basisramma redusert frå kr 163,0 mill. i 2020 til kr 145,0 mill. i 2021.

Reduksjonen i basisramma blir overført til innbyggjartilstskotet.

Ein del av skjønsramma for 2021 vil først bli fordelt mellom kommunane i budsjettåret 2021. Fylkesmannen i Vestland har gjort ei overordna fordeling av skjønsmidlane mellom ordinært skjøn i statsbudsjettet (kr 115,0 mill.), fornyings- og innovasjonsprosjekt (kr 15,0 mill.) og til fordeling i budsjettåret (kr 15,0 mill.).

Fordelinga av skjønstilskot for 2021 er vist i eigen kolonne i vedlagt tabell. Vi viser til vår nettside der det blir lagt ut meir informasjon om fordelinga av skjønstilskot mellom kommunane.

- Departementet sine skjønsmidlar for 2021.

Departementet vil ha ein reserve av skjønsmidlar på kr 150 mill. for 2021. Desse midlane vil mellom anna bli brukt til å gi kompensasjon for reduksjon i veksttilskot, som følgje av kommunenesamanslåing, og den nemnde særskilte kompensasjonen til små kommunar som har høge utgifter til ressurs-krevjande tenester.

Eigedomsskatt



Det vart vedteke for 2020 reduksjon av maksimal skattesats for eigedomsskatt for bustad- og fritids-eigedomar frå sju til fem promille.

Det er framlegg for 2021 at maksimal skattesats for eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar blir redusert ytterlegare frå fem til fire promille.

Det er frå og med 2019 sett av kompensasjon for kommunar som får reduserte inntekter som følge av at dei ikkje lenger kan krevje eigedomsskatt på produksjonsutstyr og installasjonar.

Samla kompensasjon for bortfall av eigedomsskatt på produksjonsutstyr og installasjonar er i fram-legget redusert frå kr 500 mill. til kr 300 mill. Beløp er etter at opptrappinga av ordninga har fått full verknad etter sju år. I 2021 er det framlegg om ei samla kompensasjon på kr 174,4 mill. Kompensasjon blir gitt i rammetilskotet med særskilt fordeling.

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid
assisterande fylkesmann

Vedlegg

Dersom det er spørsmål til innhaldet i brevet, kan kommunane ta kontakt med Håvard Rød (55572143), Marit Lunde (57643005) eller Kåre Træen (57643004) hjå Fylkesmannen.

Dokumentet er elektronisk godkjent